




DET KONGELIGE
JUSTIS- OG POLITIDEPARTEMENT

Kultur- og kyrkjedepartementet
Postboks 8030 Dep.
0030 OSLO



Dykkar ref.
2006/00778 UHS

Vår ref.
200704677- /ÅST

Dato
14.08.2007

Høringsbrev - framlegg til lov om endringar i lov 24. februar 1995 nr. 11 om lotterier mv.

Justisdepartementet viser til Kultur- og kyrkjedepartementet sitt brev av 19.06.2007.

Justisdepartementet har fylgjande merknader til høringsbrevet:

Vi ser positivt på ordninga med forbrukarvernsamarbeid mellom vedkommande myndigheiter. Truleg vil dette kunne avlaste påtalemyndigheitene, ved at tilsynet får auka myndigheit til å foreta kontroll. På denne måten kan dei meir effektivt gripe inn med administrative tiltak, framfor å måtte politimelde saker for å kunne gjera nærare undersøkingar.

Kultur- og kyrkjedepartementet har bede om at høringsinstansane spesielt kommenterer i kva omfang den framlagde lovendringa bør gjelde generelt i høve alle saker etter lotterilova § 16, eller om den bør avgrensast til saker som gjeld overtredingar innanfor Fellesskapet.

Etter Justisdepartementet sitt syn taler dei beste grunnar for at lovendringa vert gjort generell. Slik kan tilsynet få høve til å foreta kontrollundersøkingar på staden og krevje skriftlig stadfesting på at tilhøvet vil opphøyre, i høve til alle saker etter lotterilova § 16. Ei slik løysing vil avlaste påtalemyndigheita i størst mogleg grad, og samstundes bidra til å sikre ein samanhengande og heilskapleg praksis på området.

Justisdepartementet peiker vidare på at bruken av omgrep i lovframlegget bør vera konsistent i høve til eksisterande lovgjeving. Av lotterilova § 4 går det fram at det er


Lotteritilsynet som er tilsynsmyndigheit. I lovforslaget § 16 er tilsynsmyndigheita omtalt som *Lotteri- og stiftingstilsynet*. Lotteri- og stiftingstilsynet er ein administrativ konstruksjon og ikkje ei rettsleg nemning i denne samanhengen. Då terminologien i lova bør vera eins, tilrår vi at ein også i lovframlegget byggjer på den gjeldande nemninga *Lotteritilsynet*.

Denne nemninga vil òg vera konsistent i høve til stiftingslova, som legg kompetansen til *Stiftingstilsynet* og ikkje *Lotteri- og stiftingstilsynet*.

Når det gjeld tilhøvet til offentlegheitslova, viser høyringsbrevet i punkt 5 (s. 4-5) til forordninga artikkel 4 nr. 6 bokstav e, som mellom anna seier at tilsynsorganet skal ha myndigheit til "eventuelt å offentliggjøre den inngåtte forpliktelsen". Kultur- og kyrkjedepartementet synest å meine at offentlegheitslova § 2 første ledd, jf. § 3 første ledd gjev ein generell tilgang til offentliggjerding av slike forpliktingar. Dette er i tråd med synspunktet i Ot.prp. nr. 102 (2005–2006) s. 21. Vi er meir i tvil om dette er ein treffande innfallsvinkel. Offentlegheitslova regulerer *retten til* innsyn i forvaltninga sine saksdokument, og ikkje forvaltninga sine offentligleggjingar av *eige tiltak*. Vi kan dermed ikkje sjå at offentlegheitslova har noko å seia for dette spørsmålet, og vi antar at det for så vidt vil vera opp til forvaltninga (*Lotteritilsynet*) sitt skjønn å fastsetje om ein ynskjer ei offentliggjerding. Vi peiker likevel på at det moglegvis kan tenkjast at den type dokument det her er tale om, inneheld teiepliktige opplysningar, jf. forvaltningslova § 13 første ledd nr. 2.

Med helsing


Harald Aass
seniorrådgjevar


Åshild Tveit
fyrstekonsulent